



Arkivnr: 2015/11731-1  
Saksbehandlar: Marie Smette Brunes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.12.2015

## Sal av Breiholten 3 og 5, 5257 Kokstad, Bergen kommune

### Samandrag

I samband med byggetrinn 3 av Bybanen i Bergen, Lagunen-Flesland, vart Breiholten 3 og 5, 5257 Kokstad innløyst. Anleggsarbeida er nær ferdige i området.

Breiholten 3 vart erverva av Bybanen Utbygging i 2013. Eigedomene har etter takst av 08.11.2015 ein anslått marknadsverdi på kr 2,5 mill.

Breiholten 5 vart erverva av Bybanen Utbygging i 2013. Eigedomene har etter takst av 08.11.2015 ein anslått marknadsverdi på kr 3,5 mill.

Fylkesrådmannen foreslår at eigedomene vert seld i marknaden.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner sal av eigedomene Breiholten 3, Kokstad.
2. Fylkesutvalet godkjenner sal av eigedomene Breiholten 5, Kokstad.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod høgare enn 90% av prisønske som er lik takst.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Roger Skoglie  
Prosjektdirektør Bybanen utbygging

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Takst Breiholten 3 per 08.11.2015
- 2 Takst Breiholten 5 per 08.11.2015
- 3 Oversiktsbilete

### **Fylkesrådmannen, 12.11.2015**

I samband med byggetrinn 3 av Bybanen i Bergen, Lagunen-Flesland, vart Breiholten 3 og 5, 5257 Kokstad innløyst.

Breiholten 3, heretter kalla objekt A, vart erverva av Bybanen Utbygging i 2013 for kr 5,2 mill. inkludert omkostningar. På kjøpstidspunkt var dette ein generasjonsbustad. I samband med anleggsarbeida vart deler av bustaden revet, og eigedomen framstår no som ein einebustad. Eigedomen har etter takst av 08.11.2015 ein anslått marknadsverdi på kr 2,5 mill.

Breiholten 5, heretter kalla objekt B, vart erverva av Bybanen Utbygging i 2013 for kr 4,0 mill. inkludert omkostningar. Dette er ein einebustad. Eigedomen vart innløyst da ulempene med å bu så nære anleggsarbeida vart vurdert til å være store, samt at det var eit stort ønske frå grunneigarane. Eigedomen har etter takst av 08.11.2015 ein anslått marknadsverdi på kr 3,5 mill.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå nytten av å behalde objekt A eller objekt B i Hordaland Fylkeskommune si eigedomsporfølje, og tilrår at eigedomane vert lagt ut for sal.

Bybanen utbygging har innhenta takst i forkant av politisk behandling. Dersom Fylkesutvalet godkjenner sal av eigedomene, vil Bybanen utbygging innhente eigedomsmeklar for å gjennomføre sals førebuing, sal og økonomisk oppgjerd for eigedom A og B.

For å avslutte ein bodrunde må seljar kunne godta det høgaste bodet. Dersom ein må vente på ei politisk handsaming av bodet, vil det ta tid og ein risikerer at bodgjevar ikkje vil la bodet sitt stå ved lag så lenge. Ein rår difor til at Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er høgare enn 90% av prisønske. Prisønske i denne saka vil vere lik takst.